



Hardanger Ungdomsråd



Hardanger

**MØTEBOK  
Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd**

**Stad: Litteraturhuset og kommunehuset i Odda**

**Den 21.03.13**

**KI. 09.30-14.30**

**Til stades:**

Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Emil Tomasdard
Eid fjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Karoline Hauge Stalheim
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Sjur S. Gravning
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Andreas Kråkevik
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Hardangerrådet:	Konsulent Therese Wettler
	Konsulent Trude Rinaldo

**Agenda:**

- 09.30 Strategimøte
- 12.00 Lunsj
- 13.00 Aktivitetshelg
- 14.00 Diskusjon om slogan

**Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.**

# Til sakshandsaming i ungdomsrådet:

## Orientering

- **Brev om stadfesting av ungdomsrådet**

Me skal senda fylgjande tekst om stadfesting av ungdomsrådet til styret i Hardangerrådet;

*Hardanger Ungdomsråd (HU) meinra at ungdomsrådet bør stadfestas i Hardangerrådet sine vedtekter.*

*HU var det første regionale ungdomsrådet i Noreg. HU meinar at Hardanger bør fortsetta å vera i forkant i arbeidet med ungdomsråd. Det er viktig for framtida at ungdomane fortsatt er med og utviklar Hardanger. Det er jo me som er framtida!*

*HU har ein viktig rolle i å gjera Hardanger attraktiv for ungdomar, for å få dei til å bli. HU har eksistert sidan 2010 og me har bidrege til at ungdommen frå ulike kommunar har vorte betre kjent med kvarandre. Gjennom aktivitetshelga som me har arrangert i to år, så har ungdommar frå ulike kommunar kunna møtast og verta kjent med kvarandre. Det er og ein kjempefordel i framtida om /når kommunane skal slåast saman.*

*Det er ikkje noko god grunn for at HU ikkje skal vera formelt, men mange grunner til at HU sin eksistens bør vera stadfesat. Det er berre ein formalitet, men ein viktig formalitet meina HU.*

*Med vennleg helsing  
Hardanger Ungdomsråd*

- **Flytt til Hardanger arrangement i Bergen den 25. april.**

Medlemmane i HU og i ungdomsråden er velkomne å bli med til Bergen. Målgruppa for arrangementet er personer som har flytta frå Hardanger. Ynskjer ein å medvirke så skal det avtalast med ungdomsråda i dei respektive kommunane.

- **Ungt entreprenørskap**

Hernes frå Ungt Entreprenørskap har sendt ein forspørje til rådet om å få komma på eit møte å orientera. Rådet ynskjer å vita meir, men har ikkje kapasitet å gjera dette før sommaren. HU skal ta kontakt med Hernes til hausten igjen.

- **Utflykt**

På konserten i Jondal var det 54 personar i publikum.

- **Neste møte**

HU skal ha møta den 25. april på Voss 09.30-14.30.

## HU-Sak 11/13

## Oppgåver til aktivitetshelg

### **Ulvik og Odda:**

Ulvik har ansvar for ski- og paintballaktivitetar. Odda har ansvar for kokkekurset og ein musikkaktivitet.

### **Kvam:**

HU diskuterte kva me skal gjera for å spreia informasjon om aktivitetshelga. HU bestemte at me skal bruka Hardangerrådet si sida å leggja opp informasjon og link for påmelding til aktivitetshelga der. Det skal også vera bilete og informasjon spesifikt retta til føresette der. Therese skal snakka med Okapi om å leggja opp linken til påmeldingsskjema på heimsida.

Ungdomsråda skal orientera om aktivitetshelga på skulane i kommunane sine. Det er viktig at deltakarane har lov frå føresette å reisa på aktivitetshelg.

På Fonnafest si side ynskjer HU å ha ein link til HU si Facebook-side og Hardangerrådet si heimside. På Facebook-arrangementet for aktivitetshelga skal den grunnleggjande informasjonen om helga finnas.

### **Jondal :**

Bussane skal vera kl.18.00 i Jondal på fredagen og dei reiser på sundagen kl. 15.00 igjen. Det kostar kr.37.000,- for transport.

### **Eid fjord:**

Eid fjord har søkt midlar frå Ullensvang hotell og reismål Hardangerfjord, begge svarte nei. Karoline skal senda ut søknader til kommunane. Alle skal gje adressene til ho på HU si Facebook-sida.

### **Granvin:**

Granvin skal laga teksten til Facebook arrangementet. Der skal det vera informasjon om aktivitetshelga.

### **Ullensvang:**

Ullensvang skal gå igjennom vaktliste og bestemmer kva kommune som skal ha ansvar for kva tid.

**Fredag** 18.00-24-00, 15 vakter; Odda

**Laurdag** 24.00-08.00, 6 vakter; Eidfjord

**Laurdag** 08.00-16.00, 11 vakter; Jondal

**Laurdag** 16.00-20.00, 11 vakter; Ulvik

**Laurdag** 20.00-24.00, Fonnafest fiksar vakter

**Sundag** 24.00-08.00, 7 vakter; Ullensvang

**Sundag** 08.00-16.00, 14 vaktar; Granvin og Kva

**HU-Sak 12/13****Ny logo til HU**

Riss harbett HU om å komma med forslag på slogan. Dette var dei forslaga me kom fram til:

Saman for framtida!

Samarbeid mot framtida!

Nye moglegheiter, nye mål

Møteplassar for framtida!

Med(auge for, tanke, med gnist) for framtida.

Me samlar ungdommen!

Hardangerungdommen for framtida

**HU-Sak 13/13****Samling for ungdomsråda i Eidfjord**

HU diskuterte mogeligheta for å ha ei ungdomsrådsamling i Eidfjord. 12 april- 13. i samband med Utfluktskonserten. Alle skal sjekka med råda sine om det er interesse for dette.

Møteboka 21.03.2013 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar .....

Ungdomsrådsleiar .....